Bremanger kommune

Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	05.11.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte	**Parti**
Anne Kristin Førde	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Jorunn Petrine Frøyen	H
Evy Merete Myklebust	V
Svein Olav Senneset	V
Kjell Sørland	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	**Parti**	**Følgjande varamedlem møtte**	**Parti**
Magne Ivar Kjerpeset	SP	Henny Margrete Hansen	SP

Andre som møtte:
Anita Solberg
Gro Bakke Abildsnes
Hilde Jenssen Midtbø
Karl Vidar Førde
Randi Ytrehus
Reidar Håvardstun
Tom Joensen

Ugilde	**Sak**	**Følgjande varamedl. møtte**	**Merknad**
Jorunn Petrine Frøyen	26/12787	,	Inngen vara møtte i saka.

Møtenotater:
Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
075/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
076/26	Godkjenning av møteprotokoll
077/26	Drøftingssak
078/26	Omsorgsbustader med personalbase for personar med psykisk liding / og eller rusvanskar
079/26	Vedtak om å legge skuleruta 2027/28 ut på høyring
080/26	Vedtak av forskrift om skulefritidsordninga etter høyring
081/26	Søknad om dispensasjon for deling av parsellar under gardsnr. 41 bruksnr. 1 ved Holmaneset
082/26	Gebyrforskrifter for renovasjon og slamtøming for 2027
083/26	Endeleg godkjenning av reguleringsplan Robertmarka
084/26	Revisjon av handlingsdel til kommunedelplan for trafikktrygging, for perioden 2027-2030
085/26	Budsjett og økonomiplan 2027-2030
086/26	Høyringsfråsegn frå Bremanger kommune – Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

075/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 05.11.2026 vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
I sak 077/26 Drøftingsak: lagt til sak om næringsareal Leirgulen.

FSK- 075/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 05.11.2026 vart godkjende slik dei låg føre, med endring i sak 077/26 - lagt til sak om næringsareal Leirgulen.

076/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokoll for Formannskapet den 24.19.26 og Kommunestyret den 22.10.26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:

FSK- 076/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak :

Møteprotokoll for Formannskapet den 24.09.26 og Kommunestyret den 22.10.26 vart godkjend og skriven under slik dei låg føre.

077/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssak vert teke til vitande.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef Karl Vidar Førde orienterte om status for næringsarealet på Leirgulen. Prospekt har vore lagt ut i om lag 1,5 månad, med frist for å melde interesse innan 1. november. Det har kome inn fem skriftlege førespurnader.
Fsk drøfta vidare prosess og kva kriterium som bør leggjast til grunn ved sal av arealet. Fleire peika på behovet for å få fram kva området skal nyttast til, og ønskte at interessentane legg fram planlagd aktivitet og samfunnsnytte. Det vart opplyst at dei fleste førespurnadene er knytte til reiseliv eller maritim næring.
Det vart drøfta om arealet bør seljast til høgstbydande, eller om andre kriterium også skal vektleggjast. Fleire meinte det bør stillast krav om at området vert teke i bruk innan ei fastsett tid, slik at arealet ikkje vert liggjande ubrukt. Forslag om frist på to år fekk støtte, kombinert med moglegheit for forlenging dersom det ligg føre konkrete planar og framdrift.
Det vart òg peika på at kommunen bør sikre seg gjennom avtalevilkår, til dømes tilbakekjøpsrett dersom planlagd aktivitet ikkje vert realisert. Samstundes vart det understreka at kommunen ikkje bør selje areal til underpris.
Det ligg framleis forkjøpsrett på delar av eigedomen, og dette er enno ikkje avklart.
Saka vert teken opp att i desember, etter nærare dialog med interessentane og med meir konkrete opplysningar om planlagt bruk av området. Innspela frå drøftinga vert tekne med i det vidare arbeidet.

FSK- 077/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak :

Drøftingssak vert teke til vitande med dei innspela som kom fram under handsaming av drøftingssaka.

078/26: Omsorgsbustader med personalbase for personar med psykisk liding / og eller rusvanskar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek forstudierapporten om omsorgsbustader med personalbase for personar med psykisk liding og/eller rusvanskar – alternative løysingar til orientering
2. Kommunestyret sluttar seg til arbeidet i rapporten og arbeidet vert vidareført i forprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek mandat for forstudiet slik det ligg ved saka.
4. Forprosjektet skal gje kommunestyret eit samla avgjerdsgrunnlag for eventuell realisering. Dette skal mellom anna omfatte endeleg konsept, vise skisse av bygningar, plassering på areal, finansieringsplan, økonomisk risiko og framdriftsplan.
5. Vedtaket inneber ikkje løyving til investering. Ei eventuell sak om realisering og investering skal leggjast fram for kommunestyret etter at forprosjektet er gjennomført.
6. Kostnader til forprosjektet skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett og økonomiplan eller verte lagde fram som eiga sak med framlegg til finansiering.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Kommunalsjef Rand Ytrehus orienterte om saka. Sluttrapporten vart levert i august og gjev ei god skildring av behovet for målgruppa. Administrasjonen rår til å gå vidare med forprosjekt. Dette inneber ikkje løyve til investering, men å få utarbeidd eit nærare grunnlag for vidare vurdering.
Det vart stilt spørsmål om plasseringa på Rise og mogleg konflikt med gravplassen. Administrasjonen opplyste at dette først og fremst handlar om å finne ei god løysing for bebuarane. Eksisterande området vert i dag nytta av Aktiv Jobb til vedproduksjon.
Det vart vidare stilt spørsmål om aktivitetane knytte til Aktiv Jobb skulle flyttast til området. Administrasjonen opplyste at det er aktuelt med lager, vedproduksjon og verkstad. Kommunen leiger lagerplass i dag.

FSK- 078/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak :
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slik vedtak :

1. **Kommunestyret tek forstudierapporten om omsorgsbustader med personalbase for personar med psykisk liding og/eller rusvanskar – alternative løysingar til orientering**
2. **Kommunestyret sluttar seg til arbeidet i rapporten og arbeidet vert vidareført i forprosjekt.**
3. **Kommunestyret vedtek mandat for forstudiet slik det ligg ved saka.**
4. **Forprosjektet skal gje kommunestyret eit samla avgjerdsgrunnlag for eventuell realisering. Dette skal mellom anna omfatte endeleg konsept, vise skisse av bygningar, plassering på areal, finansieringsplan, økonomisk risiko og framdriftsplan.**
5. **Vedtaket inneber ikkje løyving til investering. Ei eventuell sak om realisering og investering skal leggjast fram for kommunestyret etter at forprosjektet er gjennomført.**
6. **Kostnader til forprosjektet skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett og økonomiplan eller verte lagde fram som eiga sak med framlegg til finansiering.**

079/26: Vedtak om å legge skuleruta 2027/28 ut på høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Forskrift om skulerute for 2027-28, vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Ordførar informerte i saka.

FSK- 079/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Forskrift om skulerute for 2027-28, vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.

080/26: Vedtak av forskrift om skulefritidsordninga etter høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Bremanger kommunestyre vedtek endring av § 7 i forskrift om skulefritidsordninga i samsvar med framlegget.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Ordføraren orienterte om saka og dei føreslegne endringane i forskrifta.

- Det vart peika på at ordninga opplevast som lite fleksibel. Det vart trekt fram at føresette ikkje alltid får varsel tidleg nok dersom det er for få påmelde og tilbodet fell vekk.

- Det vart også stilt spørsmål ved kravet om påmelding for heile veker, og om det bør vere mogleg å nytte tilbodet berre enkelte dagar. Vidare vart det drøfta om minstegrensa for tal påmelde born bør reduserast frå fem til fire. Administrasjonen viste til erfaringar med at fleire melder seg på utan å møte, noko som kan føre til svært få born og høg kostnad per brukar.

- Det kom forslag om å sjå ordninga i samanheng med barnehagetilbodet, og vere særleg merksam på familiar som ikkje har nettverk eller alternative omsorgsløysingar. Det vart understreka at ein må unngå at born vert ståande utan tilbod i skuleferiane. Det bør takast omsyn til born med særskilde behov.

- Kommunalsjef for oppvekst opplyste at samarbeid med barnehage vert vurdert når det er mogleg, men at dette ikkje alltid let seg gjennomføre i praksis. Det må vere likebehandling i alle oppvekstsentera.

- Det vart vidare stilt spørsmål om opningstidene i skuleferiane. Kommunalsjef opplyste at det er heildagstilbod, og at det vert lagt vekt på dialog med føresette om konkrete behov. Her bør ein setje inn kva opningstid ein kan ha i SFO - øvre og nedre grense.

- Formannskapet ønskje om å sjå nærare på moglegheiter for tidlegare varsling dersom tilbodet fell vekk, meir fleksibilitet i ordninga og ei vurdering av kravet til minimumstal påmelde born. Innspela vert tekne med i det vidare arbeidet.

FSK- 080/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:
Vedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre, med desse endringane etter innspel frå Formannskapet:

Under § 7. SFO-tilbod i skuleferiar, vert det lagt til:

Påmeldingsfrist skal vere minimum 1 månad før den aktuelle ferien, og tilbakemelding til føresette om at tilbod blir oppretta, skal skje snarast, og seinast tre veker før tilbodet vert sett i verk.

Det vert også lagt til to punkt 7.2 og 7.3, der barn med familiar utan nettverk eller alternative omsorgsløysingar vert ivaretekne (barn med særskilde behov), og ei presisering av opningstider i feriane.

7.2 Barn med særlege behov

Det skal vurderast om enkelte barn med særlege behov kan få tilrettelagde SFO-løysingar utanfor dei ordinære vedtektene etter individuell vurdering.

7.3 Opningstider i feriane

Opningstidene i feriane har starttidspunkt som føremiddagsøktene og stengjer på tidspunktet skissert i ettermiddagsøktene i skjema under punkt 6.1.

081/26: Søknad om dispensasjon for deling av parsellar under gardsnr. 41 bruksnr. 1 ved Holmaneset

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan og tiltaksforbodet i strandsona for frådeling av parsell av gbnr. 41/1, Meholmen, då arealbruken ikkje vert endra og vilkåra for dispensasjon er vurdert å vere oppfylte, jf. saksutgreiinga under.
2. Deling av to parsellar under gbnr. 41/1 som omsøkt vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§21-4 og 26-1.
3. Kommunen samtykkjer til deling av parsellen Meholmen under gbnr. 41/1 i medhald av jordlova §12.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Med tillegg i sakshandsaminga, opplysningar gjeve av administrasjonen i møte: Vurdering etter naturmangfaldlova.

Omsøkt areal i aust er regulert i områdereguleringsplanen for Holmaneset, og arealet skal nyttast i samsvar med planen. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 er vurdert i reguleringsplanen. Vurderingane byggjer på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sidan arealet som skal frådelast skal nyttast i samsvar med plan meiner kommunen vurderingane er tilstrekkeleg konkrete og dekkande for tiltaket.

Meholmen har LNF-føremål i gjeldande arealplan, og søknaden gjeld deling utan endra arealbruk. Tiltaket har såleis ikkje påverknad på naturmangfald, og prinsippa i

naturmangfaldlova §§9-12 er difor ikkje vurdert vidare.

Dette kom fram i saka:

- Det vart stilt spørsmål ved behovet for frådelinga og kva formålet med å skilje ut holmen er.
- Det vart peika på at gjeldande planverk framleis vil gjelde etter ei frådeling, og at kommunen kan halde fast ved vern og arealføremål. Frådeling i seg sjølv gjev ikkje rett til utbygging, og at eventuelle tiltak må handsamast gjennom eigne søknader
- Fleire meinte det er naturleg at ein grunneigar ønskjer å skilje ut eller selje areal som ikkje skal nyttast i eiga drift.
- Området er privat eigedom med LNF-føremål, og at kommunen ikkje bør vere til hinder for eigarskifte når arealbruken ikkje vert endra.
- Det vart vist til at Statsforvaltaren fråår frådelinga, og at dette bør vektleggjast i vurderinga. Kommunen har i tidlegare saker gjort vedtak i søkjars medhald når statsforvaltar har frårådd frådeling.

Framlegget frå kommunedirektøren vart vedteke med 5 mot 2 røyster.
Desse røysta for framlegget: Ap ved Anne Kristin Førde, Høgre ved Jorunn Frøyen, Sp ved Henny Hansen, Venstre ved Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust.
Desse røysta mot framlegget: Ap ved Nils Jørgen Sagebø og VI partiet ved Kjell Sørland

FSK- 081/26 Vedtak:
Med fem mot to røyster:

1. **I medhald av plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan og tiltaksforbodet i strandsona for frådeling av parsell av gbnr. 41/1, Meholmen, då arealbruken ikkje vert endra og vilkåra for dispensasjon er vurdert å vere oppfylte, jf. saksutgreiinga under.**
2. **Deling av to parsellar under gbnr. 41/1 som omsøkt vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§21-4 og 26-1.**
3. **Kommunen samtykkjer til deling av parsellen Meholmen under gbnr. 41/1 i medhald av jordlova §12.**

082/26: Gebyrforskrifter for renovasjon og slamtøming for 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:

1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2027 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 25/26, med ein auke i gebyrsatsane på 3,10 %.

2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2027 på kr 135 pr abonnent (35 % auke frå 2026) for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.

3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,10 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 26/26.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jorunn Petrine Frøyen		Inngen vara møtte i saka.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Jorunn Frøyen, Høgre, gjekk frå som ugild i saka.

Ordførar informerte i saka.

Det vart stilt spørsmål om auken i gebyret på 135 kroner, og korleis dette er berekna. Det vart også spurt om inntektene skal gå til etterdrift eller avsetjast til fond, og om det er sett nokon sluttdato.

Administrasjonen opplyste at auken skal dekkje kostnader til etterdrift. Eventuelle overskytande midlar vert avsette til fond for å dekkje framtidige kapitalkostnader. Det er ikkje sett sluttdato, og ny vurdering er planlagt i 2029 når dei endelege kostnadane er meir kjende.

Det vart stilt spørsmål om det ligg føre planar for tiltak på Nybø.

Administrasjonen opplyste at etterarbeidet er berekna til om lag 7,7 millionar kroner, og at det må vurderast kor stor gebyrauke som er rimeleg, samt om noverande abonnentar skal bere kostnadene.

FSK- 082/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:
1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2027 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 25/26, med ein auke i gebyrsatsane på 3,10 %.
2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2027 på kr 135 pr abonnent (35 % auke frå 2026) for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.
3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,10 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 26/26.

083/26: Endeleg godkjenning av reguleringsplan Robertmarka

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Reguleringsplan for Robertmarka planid. 202101 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12**.** med dei endringar som går fram av føresegnene.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Ordførar informerte i saka.

FSK- 083/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Reguleringsplan for Robertmarka planid. 202101 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12. med dei endringar som går fram av føresegnene.

084/26: Revisjon av handlingsdel til kommunedelplan for trafikktrygging, for perioden 2027-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Framlegg til revidert handlingsdel til kommunedelplan for trafikktrygging vert godkjent:

	2027	2028	2029	2030
1 Fortau Heimen til Spar, bygging	4 000			
2 Gangveg Rise	2 000**			
3 **Gangbru Riseelva**, planlegging	150			
bygging		6 000*	*	
4 Gangbru Ålfoten***, planlegging og bygging	1 700 (tilskot SFE og VLFK)			
5 Kalvåg, fortau Gamlevegen til Kleivevegen, regulering/prosjektering		400		
bygging			*	
6 Tiltak Svelgen oppvekst		250		
SUM	5 850			
Tilskot fylkeskommune (50 %) og SFE	2 533			
Kommunal eigendel	3 317	6 650		

Kostnad i 1000 kr.
* Endeleg kostnad kjem fram av forprosjekt
** 700’ avsett i 2026.

*** Avhengig av finansiering frå SFE

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Ordførar informerte i saka og peika på at fleire viktige tiltak står att og bør gjennomførast.
Det vart stilt spørsmål ved at fortau i Kalvåg er utsett til 2028. Det vart peika på utfordringar med høg fart gjennom sentrum, manglande fortau og trafikktryggleik for born. Ein har oppmoda politiet om hyppigare kontrollar.
Administrasjonen opplyste at fleire prosjekt er skyvd fram i tid som følgje av økonomi og kapasitet. Prosjekt på Hauge har teke lengre tid og vorte dyrare enn planlagt.
Det vart peika på behovet for god dialog med fylkeskommunen i prosjektgjennomføringa for å unngå at anlegg må byggjast om eller rivast fordi dei ikkje tilfredsstiller krava.
Administrasjonen opplyste at det er dialog med konsulentar og entreprenørar om kvalitet og gjennomføring av arbeidet.
Det vart stilt spørsmål om status for Riseelvbrua. Det vart opplyst at prosjektet ikkje er konkretisert vidare, det ligg krav som må avklarast.
Det vart peika på feil og manglande samsvar i tabellane i saksdokumentet. Administrasjonen forklarte avvika og opplyste at tabellane og summane vert korrigerte før vidare behandling.

FSK- 084/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Framlegg til revidert handlingsdel til kommunedelplan for trafikktrygging vert godkjent:

	2027	2028	2029	2030
1 Fortau Heimen til Spar, bygging	**4 000**			
2 Gangveg Rise	**2 000****			
3 Gangbru Riseelva, planlegging	**150**			
bygging		**6 000***	*	
4 Gangbru Ålfoten*, planlegging og bygging**	**1 700 (tilskot SFE og VLFK)**			
5 Kalvåg, fortau Gamlevegen til Kleivevegen, regulering/prosjektering		**400**		
bygging			*	
6 Tiltak Svelgen oppvekst		**250**		
SUM	**7 850**			
Tilskot fylkeskommune (50 %) og SFE	**2 533**			
Kommunal eigendel	**5 317**	**6 650**		

*** Endeleg kostnad kjem fram av forprosjekt**
**** 700' avsett i 2026**
***** Avhengig av finansiering frå SFE**

085/26: Budsjett og økonomiplan 2027-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Framlegg til budsjett 2027 – økonomiplan 2027-2030 vert lagt inn i Framsikt og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar, jf. kommunelova § 14-3.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Presentasjonane frå kommunalsjefane vert lagt inn i saka.

- Det vart orientert om stor usikkerheit i inntektsgrunnlaget og behov for tidlege tiltak for å møte framtidige utfordringar.

Kommunedirektør:

- Kraftinntekter er budsjetterte til om lag 35 mill. kroner, men utviklinga i kraftmarknaden og situasjonen i Europa skaper usikkerheit.
- Prognosane er baserte på vurderingar frå fagmiljø i marknaden.
- Skatt og rammetilskot er usikre sidan statsbudsjettet ikkje er endeleg vedteke.
- Fjerning av eigedomsskatt på bustader vil redusere inntektene med om lag 1,5-2 mill. kroner.
- Produksjonsavgift frå vindkraft er venta å auke gradvis, men inntektene er usikre.
- Havbruksfondet er venta å gi auka inntekter om få år.
- Integreringstilskot gir inntekter, men medfører også utgifter til tenester.
- Rekruttering av arbeidskraft gjennom busetting av flyktningar vert framheva som viktig.
- Det vart orientert om utfordringar knytte til rentebytteavtalar og framtidige renteutgifter.
- Det vart peika på behov for å få utbetalt husbanklån raskt for å redusere rentekostnader.

Helse og omsorg verd kommunalsjef:

- Om lag 48 % av kommunen sitt budsjett går til helse og omsorg.
- Det er stor reduksjon i bruk av vikarbyrå og færre tilsette, samstundes som stillingsstorleiken aukar.
- Lønnskostnader utgjer den største delen av utgiftene.
- Øyeblikkeleg hjelp-plassar vert flytta til Florø.
- Tilskot til legane aukar.
- Musikkterapeut er teken ut av budsjettframlegget.
- Det er om lag 18 ledige sjukeheimsplassar og ingen venteliste, men ressursmangel avgrensar kapasiteten.
- Framtidige demografiske endringar vil gi auka press på helse- og omsorgstenestene

frå midten av 2030-talet.

Oppvekst og kultur ved kommunalsjef:

- Elevtalet er venta å gå ned med om lag 16 % i planperioden.
- Kalvåg skule er den einaste skulen med stabilt elevtal.
- Talet på barn med omfattande hjelpebehov aukar.
- Ved Ålfoten oppvekstsenter er det berre eitt barn att i barnehagen, det vert innført ei mellombels hybridløysing for barnet.
- Tidleg innsats og styrkt grunnbemanning vert vidareført.
- Kommunen har framleis høgare grunnbemanning i barnehage enn mange andre kommunar.
- Behovet for å vidareføre musikkterapeutordninga vart løfta fram.

Samfunn og utvikling ved kommunalsjef:

- Meir vedlikehald vert flytta frå investering til drift.
- Kommunen har styrkt det systematiske arbeidet med vedlikehald gjennom betre planverk og tilstandsvurderingar.
- Det vart etterlyst betre synleggjering av vedlikehaldsarbeidet som er gjennomført dei siste åra.
- Det ligg føre ein langsiktig plan for vedlikehald av leidningsnett, men akutte behov vil framleis krevje omprioriteringar.
- Behov for innleigde ressursar innan enkelte fagområde vart omtalt.

Kommunedirektør:

- Rekrutteringspakken må evaluerast.
- Bustadtilskotet har gitt større kostnader enn venta.
- Store investeringar påverkar renter og avdrag i planperioden.
- Felles IKT-investeringar i Nordfjord, overgang til skyløysingar vil gje aukande lisenskostnadar.
- Det vart peika på behov for prioritering og strukturendringar framover.
- Kostnader knytte til servicebygg i Grotle vart drøfta, og det vart reist spørsmål om prosjektet kan løysast enklare og rimelegare.
- Det vart peika på behov for prioriteringar innan vedlikehald av skular, barnehagar, idrettsanlegg, kyrkjer og rådhus.
- Badeplass og servicebygg i Kalvåg vart drøfta, særleg dei aukande kostnadene.
- Behov for tilstrekkeleg vassforsyning til næringsutvikling vart løfta fram.

Vidare arbeid:

- Det vart peika på behovet for å finne finansiering til vidareføring av musikkterapeutordninga.
- Fleire understreka at det ikkje vil vere mogleg å løyse utfordringane utan prioriteringar og omstilling.
- Arbeidet med budsjettet må starte tidleg, og alle parti må ta inn over seg dei økonomiske realitetane.
- Oppvekststrukturen må vurderast nærare før endelege investeringsval vert gjorde.

FSK- 085/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

1. **Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2027 – økonomiplan 2027-2030 vert justert slik:**
   - **Netto ramme til helse og omsorg vert auka med 2,6 millionar kroner. Inndekking skjer ved å auke inntektsposten utbytte andre med 2,6 millionar kroner.**

2. Formannskapet sitt justerte framlegg vert lagt inn i Framsikt og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar, jf. kommunelova § 14-3.

086/26: Høyringsfråsegn frå Bremanger kommune – Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet i Bremanger si sender inn høyringsfråsegn i samsvar med framlegget i saksutgreiinga.

Formannskapet 05.11.2026:

Handsaming:
Ordførar informerte i saka.

- Det vart understreka at saka ikkje handlar om kommunesamanslåing.
- Det vart uttrykt støtte til at kommunen kjem med eigne tillegg og innspel utover høyringsuttalen frå Region Fjordane.
- Det vart peika på at regionale strategiar ofte vert nytta som grunnlag for seinare samanslåingsprosessar, og det vart stilt spørsmål ved fylkeskommunen sine prioriteringar.
- Det vart stilt spørsmål ved omgrepet «regionsenter Nordfjord» og kva det inneber.
- Det vart vist til at plassering av regionsenter påverkar infrastruktur og rutetilbod, og at slike prioriteringar kan få konsekvensar for distriktskommunane.
- Det vart peika på at Måløy er viktig for ytre Bremanger, og at vegsambandet Svelgen–Indrehus er viktig for utviklinga i kommunen.
- Det vart understreka at sentralisering er ei utfordring, og at det er viktig å halde oppe busetnad og aktivitet i distrikta både av omsyn til regionen og landet elles.

FSK- 086/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Formannskapet i Bremanger si sender inn høyringsfråsegn i samsvar med framlegget i saksutgreiinga.